| Arkiv | Saksbehandlar | Møtedato | Sak nr. |
|---|---|---|---|
| 111 | Knut Øyjordet | 14.04.21 | 14/21 |

**BUDSJETT FOR 2021**

*Saksdokument:*
Forslag til budsjett for 2021, som er vedlagt saka.

*Saksutgreiing og vurdering:*
Det er sett opp eit forslag til budsjett, som i hovudsak er basert på rekneskap for 2020, forventa utgifter og inntekter og tidlegare årsbudsjett. Kommentarar og grunngjeving for forslag til dei ulike inntekts- og utgiftspostane vil bli gjeve direkte i møtet.

For søknader om tilskot, har fjellstyret tidlegare vedteke at alle normalt vil bli behandla i samband med budsjettet. Oversikt over dei fleste søknadene er kopiert opp og lagt ved saka. Det er foreslått å gje tilskot for dei fleste av søknadene og med beløp, og grunngjeving for dette blir gjort direkte i møtet. Nokre tiltak er "faste" fordi fjellstyret har gjort vedtak tidlegare om årleg tilskot, dvs. til beitelaga og Jegerprøvekurset. Elles er det nokre tiltak som det er gjeve tilsagn om tilskot tidlegare, men som ikkje er utbetalt ennå fordi prosjekta ikkje er igangsett eller er fullfinansiert. Fjellstyret vedtok i fjor eit tilskot på kr. 100.000,- til prosjekt «Elgen i Oppland», dvs. elgmerkeprosjektet. Det vart utbetalt kr. 50.000,- i 2020, resten blir utbetalt i 2021. Det er elles foreslått å gje 50 % av kostnaden som kommunen får med undersøking av Gjendeflugu (har engasjert NINA), inntil kr. 50.000,-. For setervegane er det som vanleg lagt ved ei oversikt over inntekter, utgifter, saldo og tildeling for dei siste åra. Nokre av vegstyra har ikkje sendt inn/levert oversikt.

**Innstilling til vedtak:**
Budsjettet til fjellstyret for 2021 er vedteke med samla inntekter på kr. 4.783.000 og utgifter på kr. 4.511.500,-. Dette gjev eit overskot på kr. 271.500,-.

**Vedtak:**
Samrøystes: Budsjettet til fjellstyret for 2021 er vedteke med samla inntekter på kr. 4.783.000 og utgifter på kr. 4.732.500,-. Dette gjev eit overskot på kr. 50.500,-.

Forslag frå Hans Petter Vaberg om å gje turistbedrifter eit tilskot dette året pga. omsetningssvikt som følgje av coronapandemien, vart samrøystes vedteke. Dette omfattar reiselivsbedrifter med drift og salgsomsetning i 2020, der fjellstyret får 50 % av innbetalt festeavgift (jmf reglane i Fjellova). Tilskotet til kvar enkelt tilsvarer beløpet som fjellstyret fekk i 2020, totalt ca. kr. 184.000.
Det vart også samrøystes vedteke å auke budsjettramma for tilskot til beitelaga til kr. 100.000.

Steinar Håkenstad er leder av Griningsdalsvegen, og var inhabil i behandlinga av budsjettet som gjaldt tildeling av tilskot til vegstyra, og han fråtredde under behandling av dette.

Pål Grev og Hans Petter Vaberg, som er aktive beitebrukarar i beitelag som får tilskot frå fjellstyret, var inhabile i behandlinga av budsjettet som gjaldt spørsmål om å auke ramma for tilskot til beitelaga, og dei fråtredde under behandling av dette.

*Rett utskrift. Går til:*
Vågå kommune
Innlandet Revisjon

Vågåmo, 14.04.21

Knut Øyjordet (e.f)


| Adresse | Telefon | Bankgiro | E-post |
|---|---|---|---|
| Postboks 16 | | | |
| 2684 VÅGÅ | 61 29 37 37 | 2085.25.13625 | vaga@fjellstyrene.no |

# BUDSJETT  VÅGÅ FJELLSTYRE 2021

| | Noter | Budsjett 2021 | Rekneskap 2020 |
|---|---|---|---|
| **INNTEKTER** | | | |
| | | | |
| **JAKT/FISKE** | | | |
| Småviltjakt | | 700 000 | 868 053 |
| Villreinjakt | | 7 000 | 4 050 |
| Elg- og hjortejakt | | 550 000 | 576 058 |
| Rådyrjakt | | 18 000 | 18 300 |
| Treningskort/jaktprøver | | 25 000 | 32 765 |
| Fiskekort | | 550 000 | 592 236 |
| SUM | | 1 850 000 | 2 091 462 |
| | | | |
| **SAL/LEIGE** | | | |
| Vågå Tamrein AS | | 275 000 | 274 979 |
| Lom Tamrein AS | | 16 000 | 15 864 |
| Anna beiteleige | | 500 | 625 |
| Kart | | 1 500 | 1 550 |
| Rogn | | 20 000 | 19 250 |
| Utleige båtar | | 10 000 | 12 240 |
| Utleige hytter | | 250 000 | 253 772 |
| Camping Steinholet | | 30 000 | 28 608 |
| SUM | | 603 000 | 606 888 |
| | | | |
| **REFUSJON/TENESTESAL** | | | |
| Finndalen fjellstyre | | 70 000 | 64 935 |
| AS Vågåfisk | | 350 000 | 372 800 |
| Tenestesal Miljødir./SNO | | 175 000 | 185 288 |
| Anna tenestesal | | 10 000 | 9 805 |
| Refusjon for oppsyn m.m | | 370 000 | 368 644 |
| Festeavgift | | 1 250 000 | 1 231 094 |
| Andre inntekter | | 5 000 | 14 691 |
| SUM | | 2 230 000 | 2 247 257 |
| | | | |
| **SUM INNTEKTER** | | **4 683 000** | **4 945 605** |

| | Noter | Budsjett 2021 | Rekneskap 2020 |
|---|---|---|---|
| **KOSTNADER** | | | |
| | | | |
| **JAKT/FISKE** | | | |
| Jakt- og fiskekort | | 5 000 | 0 |
| Inatur | | 7 000 | 6 885 |
| Storviltjakt | | 20 000 | 15 922 |
| Settefisk | | 180 000 | 180 250 |
| Utstyr fiskekultivering | | 10 000 | 0 |
| Skotpremie | | 23 000 | 23 550 |
| Provisjon kortsal/hytteutleige | | 220 000 | 210 979 |
| SUM | | 465 000 | 437 586 |
| | | | |
| **TILSETTE/FJELLSTYRE** | | | |
| Løn tilsette | | 1 550 000 | 1 565 624 |
| Feriepengar | | 200 000 | 203 664 |
| Godtgjersle styre | | 70 000 | 69 000 |
| Arbeidsgjevaravgift | | 125 000 | 123 031 |
| Pensjon | | 350 000 | 215 810 |
| Godtgjersle utstyr | | 15 500 | 15 500 |
| Godtgjersle telefon | | 3 000 | 2 681 |
| Kjøregodtgjersle tilsette | | 200 000 | 200 439 |
| Kjøregodtgjersle styre | | 5 000 | 1 999 |
| Andre reisekostnader | | 1 000 | 570 |
| Diett | | 5 000 | 4 806 |
| Sikringsutstyr/uniform tilsette | | 20 000 | 15 868 |
| SUM | | 2 544 500 | 2 418 992 |
| | | | |
| **AVSKRIVING** | | | |
| Avskriving | | 100 000 | 105 400 |
| SUM | | 100 000 | 105 400 |
| | | | |
| **KONTORHALD/ADM.** | | | |
| Kontorleige | | 105 000 | 103 514 |
| Kontorhald, telefon m.m. | | 75 000 | 71 781 |
| Kontingentar | | 130 000 | 129 730 |
| Forsikring | | 43 000 | 42 473 |
| Revisjon | | 30 000 | 27 363 |
| Møter og kurs | | 10 000 | 35 334 |
| Heimeside | | 15 000 | 12 870 |
| SUM | | 408 000 | 423 065 |
| | | | |
| **ANDRE KOSTNADER** | | | |
| Drift av Steinholet | | 25 000 | 22 200 |
| Utstyr/vedlikehald/drift hytter | | 200 000 | 250 800 |
| Diverse utstyr | | 15 000 | 14 058 |
| Båtkostnader | | 10 000 | 6 408 |
| Anna | | 100 000 | 51 602 |
| SUM | | 350 000 | 345 068 |

| | Noter | Budsjett 2021 | Rekneskap 2020 | |
|---|---|---|---|---|
| **TILSKOT** | | | | |
| Næringstiltak | | 769 000 | 395 131 | |
| Allmennyttige formål | | 91 000 | 29 500 | |
| SUM | | 860 000 | 424 631 | |
| | | | | |
| **SUM KOSTNADER** | | **4 727 500** | **4 154 742** | |
| | | | | |
| DRIFTSRESULTAT | | -44 500 | 790 862 | |
| | | | | |
| **RENTEINNTEKT M.M** | | | | |
| Renteinntekt | | 100 000 | 97 999 | |
| SUM | | 100 000 | 97 999 | |
| | | | | |
| **FINANSKOSTNAD** | | | | |
| Finanskostnader | | 5 000 | 4 493 | |
| SUM | | 5 000 | 4 493 | |
| | | | | |
| **ÅRSRESULTAT** | | 50 500 | 884 362 | |
| | | | | |
| **RESULTAT** | | **50 500** | **884 362** | |

| | | | |
|---|---|---|---|
| **Tilskot næringstiltak** | | | |
| Vegstyra, vedlikehald setervegar | 200 000 | 210 000 | |
| Beitelaga, gjeting | 100 000 | 62 131 | |
| Odd Ymbjørgøyen, brøyting | 5 000 | 3 000 | |
| Vågåfjell Turløyper, løypeprep. | 80 000 | 70 000 | |
| NINA, Prosjekt "Elgen i Oppland" | 50 000 | 50 000 | Tilsagn 2020 |
| Vågå kommune, fiber Sjodalen | 150 000 | 0 | Tilsagn 2020 |
| Reiselivsbedrifter * | 184 000 | | |
| Sum | 769 000 | 395 131 | |
| | | | |
| **Tilskot allmennyttige tiltak (forslag)** | | | |
| Heidalskogen skianl, prep. turløyper | 8 000 | 7 500 | |
| Jegerprøvekurset | 7 000 | 7 000 | |
| Vågå kommune, transp. fiskeanlegget 7. kl. | 6 000 | 0 | |
| Vågå kommune, undersøking Gjendeflugu | 50 000 | | |
| Randsverk grendelag, naturstig | 5 000 | | Tilsagn 2018 |
| Tarandus, reg. fangsgroper rein og elg | 15 000 | 0 | |
| Birisjøvegen, vedl.hald veg | | 15 000 | |
| Sum | 91 000 | 29 500 | |

* Gjeld tilskot pga. omsetningssvikt som følgje av coronapandemien. Omfattar reiselivsbedrifter med drift og salgsomsetning i 2020, der fjellstyret får 50 % av innbetalt festeavgift
(jmf reglane i Fjellova) Tilskotet til kvar enkelt tilsvarer beløpet som fjellstyret fekk i 2020.

llova).